

Ål kommune

SAMLA SAKSFRAMLEGG

MØTEBOK

Arkivsak: 11/1237

HØYRING - MAKSIMUMSVERDI FOR EIGEDOMSSKATT PÅ KRAFTVERK

Sakshands.: Geir Tretterud	Arkivkode: 232 S10 &13
Saksnr.: Utval	Møtedato
61/11 Formannskapet	06.07.2011

HØYRINGSFRÅSEGN - MAKSIMUMSVERDI FOR EIGEDOMSSKATT PÅ KRAFTVERK

Saka vert avgjort av:

Ål formannskap

Vedlegg:

Finansdepartementet " Høringsnotat om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk"
LVK: LVK sitt utkast til høyringsuttale, Vedlegg til LVK sitt høringsuttalelse

Dokument i saka:

Saksopplysningar:

Kommunane kan velje å skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, under dette kraftproduksjonsanlegg. Eigedomsskatt kan skrivast ut på inntil 0,7 pst. av eigedomsskattegrunnlaget. For vasskraftanlegg skal anlegga sin formuesverdi (likningsverdi) leggst til grunn ved eigedomsskatteutskrivinga. For kraftverk med ein påstempla merkeyting over 10 000 kVA blir eigedomsskattegrunnlaget utrekna som ein noverdi over uendeleg tid med eit overslag over nettoinntekt sett på "sjablonmessig" vis. Nettoinntekta blir sett til gjennomsnittlege , normerte salsinntekter fråtrekt driftskostnader, eigedomsskatt, grunnrenteskatt og framtidig investeringsbehov. Skattegrunnlaget kan ikkje vera lågare enn 0,95 kroner pr. kWh, eller høgare enn 2,35 kroner per kWh av anleggets gjennomsnittlege produksjon over ei periode på sju år (minimums- og maksimumsreglane). Normerte salsinntekter blir sett som produktet av faktisk produksjon og spotpris dei siste 5 år.

For kraftverk under 10 000 kVA (småkraftverk) vert eigedomsskatten sett på grunnlag av skattemessig nedskrivi verdi av investeringane, dvs. skattemessig verdi per 1. januar i likningsåret. Minimums- og maksimumsreglane gjeld ikkje kraftverk som er verdsett etter dei forenkla takseringsreglane.

Hovudregelen om at verdien av kraftverket er sett av prisane i marknaden, og produksjonen som har vore når ein ser bakover i tid kom i år 2000. Ordninga med minimumsverdi kom til i år 2001, og i år 2003 for maksimumsverdien. Desse tilleggsreglane kom til av di prisane på marknaden hadde vore og var svært låge ved innføringa i år 2000 av hovudregelen for utrekninga av eigedomsskatt for vasskraftverk . Enkelte kommunar ville mista om lag halvparten av eigedomsskatten frå eit år til eit anna. Kraftprodusentane fekk gjennom at det måtte innførast eit tak som kompensasjon for det tapet kraftprodusentane hadde hatt i åra med låg pris. Begge

ordningane var meint å vera midlertidige ved innføringa. Sidan då har kraftprisane stige merkbart, ordninga med minimumsverdi har ingen praktisk verknad lenger, og pr 2011 har om lag 88 % av alle store kraftverk ein verdi som gjer at dei får eigedomsskatt etter maksimumsverdien. Men minimums og maksimumsverdien er her framleis.

LVK har ved fleire høve sett krav om at tilleggsreglane må fjernast då dei var meint å vera overgangsordningar, og intensjonane ved innføringa av dei for lengst er oppfylde. Dei står no att som barrierar for å få oppfylt tanken bak hovudregelen, verdsetting av kraftverk etter marknaden. Regjeringa har lova å ta opp spørsmålet, og har no kome med sitt innspel som ein del av arbeidet med statsbudsjettet for 2012.

I hovudsak har departementet sagt at dagens reglar skal halde fram, men at makstaket (2,35 kr/kWh) skal indeksregulerast framover. I realverdiar vil dei at taket skal ligge fast framover.

Grunngjevinga for dette standpunktet er stort sett at staten vil minste store inntekter som etter departementet si meining stort sett vil gå til nokre få kommunar som har store frie inntekter frå før. I tillegg meiner dei at ei fjerning av taket kan få investeringsmessige disinsentiv for kraftselskapa.

Forhold til overordna plan:

Ål kommune er frå gamalt ei jordbrukskommune. Me er største husdyrkommunen i Buskerud. I tillegg er det mange i kommunen som driv som handverkerar. Mange av oppdraga deira kjem frå hyttemarknaden og turistverksemd elles både i Ål, og nabokommunane. Me har og har hatt ei stor utfordring i å skape nye arbeidsplassar ettersom sysselsetting innan jordbruket går ned.

Folketalet i Ål er relativt stabilt, men det er ein klar underrepresentasjon i aldersgruppa 20 til 35 år.

Kommunen har heile tida ei utfordring med å få unge familiar til å busette seg i kommunen. Kommunen har ei stor utfordring med ei svært stor aldersgruppe i alderen 55 til 70 år som vil kome til å etterspørje auka velferdstenester i åra framover.

Alle inntekter til kommunen kjem derfor godt med.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Økonomien til kommunen er avgjerande for dei tenestene me kan yte til innbyggjarane.

Økonomiske konsekvensar:

For Ål kommune sin del betyr eigedomsskatten frå vasskraftverk mykje. For 2011 kjem omlag 17,7 millionar kroner av eigedomsskatten frå store kraftverk. 61 % av desse 17,7 millionar kjem frå Usta kraftverk, medan 34 % kjem frå Nes kraftverk. Usta kraftverk blir verdsett etter maksimumsregelen, og Ål kommune tapar om lag 3,3 millionar kroner i 2011 på grunn av maksimumsregelen totalt. Det er grunn til å tru at dette tapet berre vil vekse framover i tid. Ved ein gjennomsnittspris på 40 øre/kWh er det rekna ut at berre for Nes kraftverk vil Ål kommune sitt tap bli om lag 3.2 millionar kroner (for Nes kommune om lag 6 millionar kroner). Me pratar derfor om svært store tap for kommunen både no, og truleg endå meir i framtida.

Totalt sett har Ål kommune frie inntekter som landsgjennomsnittet. Eigedomsskatteinntektene og konsesjonskraftinntekter utgjer 11,7 % av dei korrigererte frie inntektene til kommunen. Me har fått del i auken av kraftprisen dei siste åra, men våre frie inntekter er likevel ikkje meir enn gjennomsnittet i landet.

Vurdering:

Me er svært samd i LVK sine kommentarar til høyringsnotatet frå Finansdepartementet. I tillegg har me nokre eigne vurderingar:

Finansdepartementet er i sitt notat veldig opptatt av dei fordelingsmessige verknadane av ei fjerning av makstaket. Me hadde forventa at departementet skulle vera meir prinsipiell enn som så. Utgangspunktet for endringane av verdsettingsreglane for grunnlag til eigedomsskatt for kraftverk i år 2000 var at verdsettinga

skulle på ein betre måte klarlegge dei faktiske verdiane i kraftverka. Når 88 % av kraftverka no blir verdsett etter ein særregel som ikkje tek omsyn til den faktiske verdien så bør dette gje grunnlag til meir prinsipiell drøfting enn tilfellet er hjå departementet. Me meiner den politiske vilja som låg til grunn for hovudregelen (verdsetting etter faktisk verdi) må kome fram att. Dersom så ikkje skjer vil eigedomsskatten for store kraftverk gå frå å vera ein lokal skatt til å bli ei avgift bestemt av staten. Me kan ikkje sjå at dei store kraftselskapa treng å bli særskilt handsama med ei avgift i staden for ein skatt.

Elles brukar departementet som argument at nokre få kommunar med god råd frå før vil reise med mykje av den auka eigedomsskatten. Det kan så vera, men mange av desse kommunane slit med lite folketal, fråflyting og store utfordringar dei treng å nytte ressursar på. Me meiner staten bør finne andre måtar å foreta fordeling mellom kommunar på enn å omgjere ein lovfesta lokal skatt til ei avgift. Prinsippet om at eigedomsskatten er ein skatt bør vektleggast såpass mykje.

Departementet brukar som argument at dei store kraftselskapa får eit disinsentiv til investering dersom deira eigedomsskatt blir ein skatt utan makstak. Me ser ikkje dette disinsentivet. Eigedomsskatten aukar berre i dei tilfelle der prisen og verdet av kraftverket går opp. Det måtte i tilfelle vera for minimumsverdien at det kunne vera eit argument, men miniumsverdien blir også foreslått fjerna. Ein skatt er utforma for å fylgje evna til å yte til fellesskapet. Ein betre måte for utbyggar å utforme ei yting til lokalsamfunnet der kraftverket ligg, kan me ikkje sjå.

I tillegg gjeld at småkraftverk mindre enn 10 000 kVA får verdet sitt fastlagt etter forenkla metodar som ikkje gjer noko makstak. Reglane er også utforma slik at eigedomsskatten for småkraftverk blir størst dei fyrste kritiske åra. Å framleis ha eit makstak til store kraftverk vil derfor virke konkurransevridande mellom store kraftprodusentar og lokale små kraftprodusentar.

Rådmannen si innstilling:

Ål formannskap vedtek følgjande høyringsfråsegn om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk:

1. Tilleggsreglane med maks og minimumstak for verdsetting av kraftverk over 10 000 kVA må fjernast.
2. Finansdepartement har ikkje vektlagt nok det prinsipielle ved å halde på eigedomsskatten som ein lokal skatt.
3. Finansdepartementet sine argument om provenyverknader der Staten kjem tapande ut, kan ikkje vera styrande for avgjersle i saka.
4. Finansdepartementet sitt argumentet om disinsentiv ved investering er i beste fall svakt. Ein blir skattlagt etter evne, og skatten fylgjer derfor investor si avkastning. Ein betre måte for utbyggar å utforme ei yting til lokalsamfunnet der kraftverket ligg, kan me ikkje sjå.
5. Å framleis ha maksimalsats for eigedomsskatt på kraftverk over 10 000 kVA virkar konkurransevridande i høve til kraftverk under 10.000 kVA .

Styret for Ål kraftverk, 29.06.2011

Reidun Aaker
Fungerande rådmann

Geir Tretterud

Formannskapet handsama saka den 06.07.2011, saksnr. 61/11

Handsaming:

Rådmannens innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål formannskap vedtek følgjande høyringsfråsegn om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk:

1. Tilleggsreglane med maks og minimumstak for verdsetting av kraftverk over 10 000 kVA må fjernast.
2. Finansdepartementet har ikkje vektlagt nok det prinsipielle ved å halde på eigedomsskatten som ein lokal skatt.
3. Finansdepartementet sine argument om provenyverknader der Staten kjem tapande ut, kan ikkje vera styrande for avgjersle i saka.
4. Finansdepartementet sitt argumentet om disinsentiv ved investering er i beste fall svakt. Ein blir skattlagt etter evne, og skatten fylgjer derfor investor si avkastning. Ein betre måte for utbyggjar å utforme ei yting til lokalsamfunnet der kraftverket ligg, kan me ikkje sjå.
5. Å framleis ha maksimalsats for eigedomsskatt på kraftverk over 10 000 kVA virkar konkurransevridande i høve til kraftverk under 10.000 kVA .